

Sjølvhøgd julegran

MELAND: Det har vore salsutstilling og servering av vaflar i gamlefloren til Randi og Bjarte Skinntveit dei to siste helgene. Laurdag var det mange som også henta seg juletre i skogen til familien.



Av Jon Halstein Tjøre
jon.halstein@strilen.no

Det vert noko litt ekstra når juletreet er henta og høgd i skogen, framfor at ein har kjøpt det ved ein butikk.

I juletreskogen

Jan Martin Jansen var ein av dei som tok turen i juletreskogen laurdag. Han har budd på Frekshaug i 10 år, men kjem frå Karmøy. Han hugsar at han var med sjølv og henta juletre i skogen hjå bestefaren då han var liten. Det er likevel første gongen han har kjøpt tre hjå familien Skinntveit på Steinberget.

– Me har stort sett vore vekke hjå familien i jula. Men i år skal me i alle fall ha eit juletre, då me skal vera ein del heime, seier Jansen med ei fin gran under armen.

Med seg har han sønene Isak og Simon. Dei hadde til og med fått vera med å saga.

– Men det var pappa som saga mest, seier ein av guttane.

Julemesse i floren

Inne i gamlefloren til familien har det vore salsmesse dei to siste helgene. Dei som har stilt ut er Eli Skauge med strikkearbeid, Bente Brakstad med ulike figurar, Stine Åsebø med keramikk, Helga Lilleskare med malte ting og strikkearbeid og Anne Johnsen med tova arbeid. Randi Skinntveit, som bur på eigedomen, har sjølv laga quilt-arbeid. Ho fortel at det var bra med folk førre helg, og det var også ein del folk innom laurdag ettermiddag då Strilen var der. Floren vart rydda og ordna til ein bursdag dei skulle feira for ein del år si-



I JULETRESKOGEN: Ingen ting er som sjølvhøgd julegran. Strilen møtte Jan Martin Jansen og borna Isak og Simon, og Arne Rossnes og dottera Malene med kvar si flotte julegran under armen laurdag ettermiddag.



MJOLKA KYR: Kristi Skinntveit var på besøk i floren på heimgarden laurdag. Då ho var ung mjølka ho kyr i floren. Delar av båsane står der enno, og dei er og merka med namna på kyr som har stått her. Skinntveit bur no i Jondal, der ho driv med kunsthåndverk.

dan. Dei fann deretter ut at dei ville bruka floren meir, og dermed starta dei desse messene for

åtte år sidan. Delar av båsane står der framleis, merka med namnet på kyrne som brukte å stå der.



KJØPT NISSE: – No slepp eg å vera nisse sjølv, seier Torfinn Eide, med ein kjøpt nisse under armen.

– Sjølv om denne helga var den siste med salsmesse i floren denne jula, kan folk koma og

kjøpa og henta seg juletre i skogen heilt fram til jul, seier Bjarte Skinntveit.